

# Utviklingstrekk i Sauda

## Diskusjonsgrunnlag til planstrategi 2024 - 2028

Januar 2024

# Innleiing

Oversiktsarbeidet med utviklingstrekka er viktige delar av kommunen sitt folkehelse-, budsjett- og planleggingsarbeid. Dette dokumentet tek utgangspunkt i nasjonal statistikk for å forsøke å skape eit bilete av kommunen, kva status er, har vore og kva utfordringar og moglegheiter ein ser framover. Det er lagt vekt på å få fram kva samfunn det er sannsynleg at me får, med framskrivingar og kort analyse.

På den siste sliden ligg det ei oversikt over kor ein har henta data i frå. Ein står fritt til å trekke fram utviklingstrekk som ikkje står nemnt i dette dokumentet når ein skal gje innspel til det vidare arbeidet.

**Tolking**

Statistikk er ikkje eit eksakt bilete på verkelegheita, og det er naudsynt å diskutere kva som eventuelt ligg bak tala før det kan konkluderast med at ein står ovanfor ei utfordring eller noko positivt som kan byggast vidare på.

Vær merksam på at der Sauda kommune ligg på eller over gjennomsnittet i statistikken kan dette likevel innebere at det er ei utfordring for kommunen, fordi landsnivået ikkje nødvendigvis representere eit ønska nivå.

## Oppbygginga til diskusjonsgrunnlaget

I dette dokumentet blir det ikkje gitt ei utfyllande oversikt av utviklingstrekk i Sauda, men eit bilete. Tema for å skildre utviklingstrekk i Sauda er henta frå rettleiar for planstrategi:

- Demografi
- Folkehelse
- Næringsliv og sysselsetting
- Bustadbygging
- Klima og miljø
- Langsiktig arealbruk
- Kommuneøkonomi og tenesteyting

I vedlegget med forslag til planbehov for perioden 2024 – 2027 er det forsøkt å kople tema til dei ulike planane.







Illustrasjon som vise korleis ein kommune kan ta utgangspunkt i dei globale måla for å konkretisere dei i lokale, konkrete tiltak (distriktssenteret.no)

# FN sine berekraftsmål

FN sine 17 berekraftsmål skal vera ein viktig del av grunnlaget for planlegging. Måla utgjer verda si felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane. Måla blir ikkje nådd utan ein betydeleg lokal og regional innsats. Dei kan hjelpe oss å tenke meir heilskapleg, og å vurdere kva konsekvens arbeidet vårt har på fleire enn eitt plan.

Det er eit viktig prinsipp for berekraftsmåla at dei er bygd på dei tre ulike dimensjonane økonomi, sosial og miljø/klima, som delvis går over i kvarandre. Dette gjer at same tema kjem att i fleire av berekraftsmåla, ut frå ulike tilnærming til dimensjonane.

Berekraftsmåla hjelper oss til å huske på heile vårt ansvar i samfunnsutviklinga.

# Nasjonale forventningar 2023–2027

Hovudtema:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Regjeringa legg fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging kvart fjerde år. Dei peiker der på kva nasjonalt prioriterte utfordringar dei ønskjer at kommunane skal arbeide med. I dei nasjonale forventningane for 2023 – 2027 er det peika på 5 hovudtema, sjå oversikt.

For kvart hovudtema er det trekt fram dei mest aktuelle berekraftsmåla frå FN. Det er for å vise samanhengen mellom berekraftsmåla, den nasjonale politikken og regional og kommunal planlegging.

Kjelde: Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027 - regjeringen.no

## Sydande Sauda – eit kraftsenter

**Strategiar for å oppnå visjonen**

**K** – **Kraftsenter**
Kommunen tar posisjon som eit framtidsretta kraftsenter og prioriterer utvikling av næringar knytt til grøn kraft, grøn teknologi og grøn mobilitet. Marknadsføring, informasjon og formidling skal bidra til å synleggjera Saudas fortinn.

**R** – **Reiseliv og næringsutvikling**
Trivsel skal gje investeringslyst og bulyst, samt stimulera til vekst i næringslivet og nyetableringar. Slik at me kan nå fram i konkurransen om besøkande, innbyggjarar, arbeidskraft og kunnskap.

**A** – **Attraktiv**
Aktiv og berekraftig forvaltning av naturverdiar, bymiljø og kulturarv er viktig for at Sauda skal vera ein levande stad for folk, reiseliv og næringsliv. Me skal legga vekt på å utvikle ny busetnad og ivareta historisk arkitektur på ein slik måte at både kulturmiljø og natur kjem til sin rett.

**F** – **Framtidsretta**
Varierte og interessante møteplassar skal legga til rette for informasjonsdeling, utvikling av nye samarbeid, kunnskapsnettverk og klynger. Dette skal vera samfunnets «Kraftstasjonar», møteplassar som skapar rom for møter både sosialt og profesjonelt.

**T** – **Triveleg**
I sentrum skal me ha småskala handel- og tenesteyting. For å skapa attraktivt miljø og meir liv skal dette koplast til eit mangfald av bustader, rekreasjon, kultur og idrett. Me vil legga til rette for eit breitt tilbod av aktivitetar som både er organisert og er tilgjengeleg for sjølvorganisering. Det skal vera god tilgjengelegheit til naturen.

*Vedtatt i kommunestyret 14.03.2018, saksnr. 022/1*

# Kommuneplan

Ein samla kommuneplan består både av ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Gjeldande samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen vart vedteken i 2020.

Hovudhensikta med samfunnsdelen er å sikre ei betre og meir heiskapeleg planlegging i kommunen. I samfunnsdelen skal det bli tatt strategiske val for utviklinga av kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen kan bidra til å styrke medverknad i kommunen sitt planarbeid og bidra til ei betre politisk styring.

I arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel vart visjonen Sydande Sauda – eit kraftsenter vedtatt saman med nokre strategiar for korleis ein skal oppnå visjonen, jf. Figur til venstre.

Gjennom arbeidet med planstrategi skal ein evaluere kommuneplanen (arealdel og samfunnsdel) og vurdere behov for rullering eller revidering. Sjå vedlegg 3 for kommunedirektøren sin merknad til gjeldande kommuneplan.

# Demografi




**Figur 3.2.4** Befolkningsveksten i Sauda dekomponert i ulike drivkrefter. Tallene er årlig endring i den valgte perioden. Figuren viser årlig endring i prosent.

## Rapport frå regionalanalyse: Befolkningsendring i Sauda den siste tiårsperioden vist i ulike drivkrefter (2013 – 2022).

*Sauda har hatt en befolkningsnedgang på 0,43 prosent per år i den siste tiårsperioden.*

*Det har vært et fødselsunderskudd på 0,38 prosent per år i denne perioden. Høy dødelighet og lav fruktbarhet har gjort at fødselsunderskuddet har blitt større.*

*Nettoflyttingen til Sauda har vært negativ tilsvarende 0,04 prosent per år. Nettoflyttingen har blitt lavere som følge av lav sentralitet. Det har vært svak arbeidsplassvekst i kommuner som det pendles til (nabovekst) og svak arbeidsplassvekst i egen kommune (arbeid). Det var således forventet en negativ nettoflytting på 0,33 prosent per år. Fasit ble -0,04. Sauda har derfor hatt en positiv bostedsattraktivitet som gjort at flyttetallene ble bedre enn forventet. Arbeidsplassutviklingen i Sauda har imidlertid redusert flyttetallene med 0,29 prosentpoeng per år. Hvis arbeidsplassveksten hadde vært som gjennomsnittet ville det har blitt netto innflytting til kommunen.*

*I 2022 ble det en befolkningsvekst på 0,40 prosent. Dette året ble fødselsunderskuddet på 0,88 prosent på grunn av høy dødelighet. Sauda hadde en netto innflytting på 1,26 prosent i 2022. Det var mye større innflytting enn forventet. Sauda hadde dermed en sterkt positiv bostedsattraktivitet dette året. Det flyttet inn 42 personer mer enn forventet. Noen av forklaringen var at Sauda tok i mot mange ukrainske flyktninger dette året, men det ville ha vært positiv bostedsattraktivitet også uten den ekstra innvandringen fra Ukraina.*

Kjelde: https://regionalanalyse.no/rapport/1135/3/2




Kilde: Regionale befolkningsframskrivinger (https://www.ssb.no/regfram/)

## Folkeauke i kommunane i Rogaland 2022 - 2050

Figuren vise SSB sin kartvisualisering av befolkningsutvikling fram mot 2050.

Denne figuren vise at Sauda har størst negativ befolkningsutvikling fram mot 2050 i Rogaland, i prosentvis endring.

**Leseforklaring**:
Røde fargenyanser viser vekst i folkemengde,
Blå fargenyanser viser reduksjon.

# Folkehelse

Innbyggjarane er den viktigaste ressursen i Sauda kommune.

Innbyggjarar med god fysisk og psykisk helse er ein føresetnad for at kommunen utviklar seg på ein berekraftig måte. Folkehelsa i Sauda er i hovudsak god.

Folkehelsekartlegginga i 2020 syner at Sauda kommune oftast kjem bra ut på mange indikatorar for folkehelse. Det syner også Folkehelseinstituttets sin årlege folkehelseprofil.

Sauda kjem blant anna ut som ein av dei 10 beste kommunane i landet når det gjeld tryggleik i nærmiljøet, scora i UngData-undersøkinga i 2022.

Sosial ulikskap i helse blir skildra som systematiske forskjellar i helsetilstand som følgje av sosiale og økonomiske kategoriar (særleg yrke, utdanning og økonomi). Desse forskjellane er sosialt skapte, og mogleg å gjere noko med.

Samanlikna med nasjonale tal, kjem nokre indikatorar for førekomst av sosial ulikskap i kommunen betre ut.

Sauda har færre hushald som lev i låginntekt enn landet elles.

Inntektsulikskap i Sauda ligg under regionalt og nasjonalt nivå. Inntektsulikskap fortel, enkelt sagt, noko om gapet mellom dei som tener mest og minst. Dette gapet framkjem som mindre i Sauda enn landet forøvrig.

Sauda har høg fullføringsprosent i vidaregåande skule.









# Andre indikatorar syner at sosial ulikskap er ei mogleg folkehelseutfordring også for Sauda.

Dyrtid forsterkar helsemessig, sosial og økonomisk ulikskap, og rammar særleg dei som er økonomisk sårbare frå før av.

I august 2022 var 130 000 norske hushald (fem prosent) i alvorlege økonomiske vanskar, og ytterlegere 280 000 (11 prosent) sleit økonomisk.

Begge desse tala har dobla seg på litt over eit år (helsedirektoratet).

Tal frå Husbanken frå 2022 og 2023 syner at Sauda følgjer nasjonal trend med auke i hushald som får utbetalt bustønad.

- Tal på barn av einslege forsørgjarar ligg over landsgjennomsnittet.
- I Sauda har det over tid vore fleire barn med tiltak frå barnevernet, samanlikna med regionale og nasjonale tal.
- Utdanningsnivået i Sauda ligg noko under fylkesnivået.
- Sauda følger nasjonal trend, der unge mottakarar av uførepensjon og AAP har auka siste året. Nivået ligg likevel noko under fylke- og landsgjennomsnittet.
- Det har vært ei markant auke i tal på sosialhjelpsmottakarar i kommunen dei siste par åra, som i hovudsak er spegla i at kommunen har tatt i mot mange flyktningar.
- Sjølv om indikator for inntektsulikskap er låg i Sauda, har den auka noko dei siste åra. Dette er ein indikator som reknast som lite følsam for endringar, så sjølv små endringar bør bli tatt høgde for.

# Kosthald, fysisk aktivitet, røyke- og alkoholvanar er vist å ha betydning for førekomst av livsstilsjukdommar og kreft.

Rogaland ligg nesten i botn når det gjeld fysisk aktivitet blant vaksne. Kun halvparten av alle 15-åringar er tilstrekkeleg fysisk aktive.

Ungdom i Sauda følger nasjonal trend med auke i skjermtid. Tal på 17-åringar i Sauda med fedme, målt ved sesjon 1, ligg over landsgjennomsnittet.

Diverre ligg me i toppen av statistikken, samanlikna med tal frå land og fylke, når det gjeld nye tilfelle av tjukk- og endetarmskreft, samt sjukehusinnlagde og døde som følgje av hjarte- og karsjukdom.

I Sauda har fleire kvinner døydd tidleg som følgje av kreftsjukdom, en elles i fylket og landet.

Forventa levealder for menn er signifikant lågare enn elles i landet.






**Figur 3.** Andel ungdomskoleelever som er mye plaget av ensomhet. Tall for 2020 er fra før pandemien brøt ut, tall for 2022 er fra etter restriksjonene ble løftet*. (Kilde: Ungdata)




**Figur 2**. Andel ungdomsskoleelever som er mye plaget av psykiske vansker. Tall for 2020 er fra før pandemien, tall for 2022 er fra etter restriksjonene ble løftet*. (Kilde: Ungdata)




Dei fleste unge i Sauda rapporterer at dei er fornøgd med foreldra sine

Ung Data-undersøkinga (2022) syner at me ligg litt under nasjonale og regionale tal på ungdom som rapporterer at dei er mykje plaga av psykiske vanskar.

Jenter på ungdomsskulen og vidaregåande skule rapporterer i større grad om psykiske vanskar enn gutar.

Samanlikna med nasjonale og regionale tal, er det færre ungdomsskuleelevar i Sauda som rapporterer om einsemd. Samanlikna med tal frå 2019 og tidlegare, er det noko fleir som svarar at dei er plaga med einsemd i tala frå Ung Data i 2022.

Tal for heile fylket avdekkjer ein tydeleg sosial gradient i sentrale faktorar for unge sin trivsel og psykiske helse. Dei med dårlegast økonomi deltek i færre fritidsaktivitetar, nyttar oftare skjerm, rapportere i større grad om einsemd og rapportere i større grad om mange psykiske plagar, samanlikna med unge som lev i familiar med betre økonomi.

# Når grad av psykiske plagar er så store at dei går utover funksjon og livskvalitet i kvardagen, kan ein oppfylle kriteria for ei psykisk liding.




I 2022 blei 6 prosent av barn og unge i Norge diagnostisert med ei psykisk liding i spesialisthelsetenesta. Andelen har økt dei siste ti åra, spesielt for jenter og kvinner i alderen 12-24 år.

Uførepensjon og AAP hos unge under 30 år i Sauda er i hovudsak knytt til psykiske lidingar.

Sauda har klart flest brukarar i "FACT-psykose innover" i Helse-Fonna. FACT er eit fleksibelt aktivt oppsøkande behandlingstilbod retta mot alvorleg psykisk lidning og/eller rusproblem.

Sauda ligg over nasjonale og regionale tal på utskrivne reseptar for "sovemidler og beroligende midler".

# Folkehelseutfordringar i Sauda

1

Sosial ulikskap i helse

2

Psykisk helse og livskvalitet

3

Kosthald og fysisk aktivitet

# Næringsliv og sysselsetting

# Atypisk Rogalandskommune – Typisk norsk distriktskommune




| | 2022 | 2030 | 2050 |
|---|---|---|---|
| 1103 Stavanger | 144699 | 5247 | 13304 |
| 1108 Sandnes | 81305 | 4851 | 13131 |
| 1124 Sola | 27568 | 2042 | 5537 |
| 1121 Time | 19353 | 1808 | 4646 |
| 1120 Klepp | 20163 | 1775 | 4209 |
| 1106 Haugesund | 37444 | 1235 | 2857 |
| 1119 Hå | 19296 | 780 | 2395 |
| 1122 Gjesdal | 12131 | 864 | 2390 |
| 1127 Randaberg | 11454 | 740 | 1958 |
| 1130 Strand | 13268 | 559 | 1496 |
| 1146 Tysvær | 11283 | 486 | 1306 |
| 1149 Karmøy | 42541 | 182 | 568 |
| 1160 Vindafjord | 8775 | 73 | 114 |
| 1144 Kvitsøy | 523 | 37 | 108 |
| 1114 Bjerkreim | 2789 | -1 | 73 |
| 1112 Lund | 3178 | 9 | 59 |
| 1151 Utsira | 188 | 15 | 50 |
| 1145 Bokn | 855 | -28 | 5 |
| 1133 Hjelmeland | 2534 | -11 | -10 |
| 1134 Suldal | 3784 | -109 | -215 |
| 1111 Sokndal | 3281 | -99 | -343 |
| 1101 Eigersund | 14860 | -199 | -414 |
| 1135 Sauda | 4525 | -257 | -524 |

*SSB: Hovedalternativet (MMMM) oppdatert september 2022*

# Næringsstruktur i Sauda




Figur 1.2.4 Lokaliseringskvotienter for ulike bransjer i Sauda sammenliknet med valgt år.

Rapport frå regionalanalyse:

*Figuren viser lokaliseringskvotientene til de ulike bransjene i næringslivet i Sauda i 2022. Bransjer med lokaliseringskvotient over 1 er bransjer som Sauda har relativt mye av. Vi kan også se hvilken lokaliseringskvotient bransjen hadde i 2012 i de grå søylene. På den måten kan vi se hvilke bransjer som har økt eller redusert sin andel i løpet av de siste ti årene.*

*Sauda har en svært stor andel av arbeidsplassene sine i el-produksjon og prosessindustri. Det er også relativt stor andel i øvrig verkstedindustri.*

Kjelde: https://regionalanalyse.no/rapport/1135/1/2




Figur 1.4.4 Andel innpendlere og andel utpendlere. Rangeringsnummer for arbeidsmarkedsintegrasjon er vist i parentesen.

# Arbeidsmarkedintegrasjon

Rapport frå regionalanalyse:
*Figuren viser andelen som pendler ut og inn fra Sauda og sammenlikningssteder.*
*Summen av disse andelene kan brukes som en indikator for arbeidsmarkedsintegrasjonen.*

*Sauda har svært lav arbeidsmarkedsintegrasjon.*
*Det pendles inn til ni prosent av arbeidsplassene, mens 19 prosent av de som er sysselsatt pendler ut av kommunen.*
*Det reflekterer at det er lang reisevei til andre arbeidsmarkeder.*

Kjelde: https://regionalanalyse.no/rapport/1135/1/4

# Arbeidskraft og kompetanse

Sauda har over tid hatt låg arbeidsløyse, blant dei lågaste i Rogaland. Ei utfordring er å rekruttera nye tilsette med rett kompetanse til stillingar både i offentleg og privat verksemd. Dette gjeld for så vidt både stillingar som krev høgare akademisk utdanning og fagarbeidarar.

Per utgangen av 2022 har 27,6 % av dei sysselsette minst 3 års høgare utdanning (Telemarksforsking). Dette er markant lågare enn landsgjennomsnittet.

Men ein skal også ta med at ifølge NHO si kommune NM måling for næringslivet scorar Sauda bra og er på 6. plass av kommunane i Rogaland, med særs høg andel personar med fagprøve; 28,4 %.

| Kommune | ▲ Kompetanse rangering | Kompetanse rangering i fjor | Minst fire års høyere utdanning | Fagprøver | Teknisk og naturvitenskapelig utdanning |
|---|---|---|---|---|---|
| Sola | 1 | 1 | 13,2% | 25,9% | 6,8% |
| Tysvær | 2 | 3 | 7,7% | 28,3% | 6,2% |
| Stavanger | 3 | 2 | 19,3% | 14,5% | 5,2% |
| Sandnes | 4 | 4 | 12,0% | 21,3% | 4,1% |
| Lund | 5 | 5 | 4,5% | 27,0% | 5,2% |
| Sauda | 6 | 6 | 6,1% | 28,4% | 3,5% |
| Haugesund | 7 | 7 | 10,4% | 19,9% | 4,1% |
| Vindafjord | 8 | 9 | 5,4% | 25,5% | 4,0% |
| Bokn | 9 | 8 | 4,7% | 27,5% | 3,4% |
| Karmøy | 10 | 10 | 5,3% | 27,8% | 2,8% |

Kilde: NHO Kommune-NM for 2023. • Last ned data • Last ned bilde

Kjelde: https://www.nho.no/regionkontor/nho-rogaland/nokkeltall_naringsliv_rogaland/#knm

## Arbeidsplassar

*I figuren kan vi se antall arbeidsplasser i Sauda, fordelt på offentlig og privat sektor i årene fra 2000 til 2021. SSB endret metoden for å beregne antall sysselsatte i 2015. Den nye metoden ga omtrent fire prosent færre arbeidsplasser i næringslivet.*

*Sauda har hatt en nedgang i antall arbeidsplasser etter 2010, det har vært små endringer de siste seks årene. På slutten av 2022 var det 1 205 arbeidsplasser i næringslivet i Sauda,* mens det var 749 i offentlig sektor.




Kjelde: https://regionalanalyse.no/rapport/1135/1/1 - Telemarksforsking

# Arbeidsplassar trend og samanlikning

1.1.6 Relativ arbeidsplassvekst sammenligning

I figuren kan vi se den relative veksten i samlet antall arbeidsplasser i Sauda og sammenlikningskommunene i den siste tiårsperioden. Den relative veksten er forskjellen mellom veksten på stedet og veksten i Norge.

I figuren har vi sammenliknet den relative arbeidsplassveksten den siste tiårsperioden i Sauda med nabokommunene. I Sauda har arbeidsplassveksten vært 15,8 prosentpoeng svakere enn landet i denne perioden. Rangeringsnummeret til Sauda er 288 av 356 kommuner.

I 2022 var arbeidsplassveksten i Sauda 1,8 prosentpoeng svakere enn i resten av landet.




Figur 1.1.6 Relativ vekst i antall arbeidsplasser i Sauda og sammenlikningsstedene.

*Det har vært vekst i antall arbeidsplasser på landsbasis, mens Sauda har hatt nedgang. Det gjør at utviklingen i Sauda har vært mye svakere enn i resten av landet. Siden 2000 har antall arbeidsplasser i næringslivet i Sauda utviklet seg 29,2 prosentpoeng svakere enn landet. Samlet arbeidsplassvekst har vært 25,0 prosent lavere i Sauda enn landsgjennomsnittet. I 2020 var det bedre vekst i Sauda enn i resten av landet, men i 2021 og 2022 var utviklingen mye svakere enn landet.*

Kjelde: https://regionalanalyse.no/rapport/1135/1/1 - Telemarksforsking

## Næringsutvikling i Sauda

Det er i verksemdene at arbeidsplassutviklinga skjer, men kommunen skal vere ein partnar for næringslivet i utviklingsarbeidet. Sauda kommune skal vera ein pådrivar for utvikling – ein næringsaktiv kommune –og bidra som aktiv medspelar for utvikling i eksisterande bedrifter og for nye  næringsinitiativ. Sauda Næringsutvikling KF er etablert for å vera utøvar av kommunen sin næringspolitikk.

Sauda har eit komparativt fortrinn som eit sterkt energiknutepunkt kor ein kan ta ut store mengder energi. Sauda er difor utpeikt som eit prioritert satsingsområde i Rogaland fylkeskommune sin Regionalplan for grøn industri.

Sauda har ei veksande besøksnæring med arkitektur, skisenter og ein særprega kombinasjon av fjord og fjell tett på bysenteret. Svandalen er ein spydspiss i utviklinga, og områdeplanen vil legge eit godt grunnlag for framtidig utvikling.

Frå Distriktsmeldinga: *Lokalsamfunn har et sterkt engasjement for at norsk reiseliv utvikles innenfor bærekraftige rammer, i form av blant annet helårsarbeidsplasser, infrastruktur som muliggjør helårsturisme, og ulike tilbud som er viktig for de fastboende.*

Sauda er utpeikt som regionalt prioritert industri-område i Regionalplan for grønn industri.




«Disse næringsområdene vil bli prioritert med hensyn til infrastrukturutvikling og planleggingskapasitet. Etablering av grønn industri i disse områdene vil være i tråd med kommunenes, fylkeskommunens og statsforvalterens ønsker.»

RogFk Regionalplan for grønn industri, 2023

Iverson eFuels – Grønn Amoniakk (8-10 mrd)




Eramet – CCS, energigjenvinning (2,5 mrd)




Sauda Aqua – Landbasert post-smolt (1-2  mrd.)




Statnett – Linje- og trafoanlegg (2++ mrd)



# Bustadbygging

Husbanken

*Bustad- og eldrebustadpolitikken har som mål at fleire skal bli buande heime så lenge som mogleg. Nye og/eller meir tilgjengelege bustader kan auke livskvaliteten for bebuarane, og kan lette presset på kommunen sin helse- og omsorgssektor. Men nybygging kan vere ulønnsamt i distrikta, og bustadkjøp blir forbunde med risiko for prisfall.*

Distriktssenteret:

*Mange distriktskommuner har små boligmarked, lav omsetning av boliger og lite eller ingen nybygging. Lav tilgang på boliger kan gjøre det vanskelig å holde på og trekke til seg innbyggere og arbeidskraft. Lav tilgang på aldersvennlige boliger gjør det vanskeligere for eldre å bo trygt hjemme og øker behovet for omsorgs- og sykehjemsplass.*

## 3.3.3 Boligbyggingstakt i Sauda

I figuren kan vi se boligbyggingstakten, det vil si antall fullførte boliger per 1000 innbyggere i Sauda og Norge. Boligbyggingstakten i Norge blir påvirket av konjunkturene, særlig så vi en sterk nedgang i boligbyggingstakten i forbindelse med finanskrisen i 2009. De fire siste årene har boligbyggingstakten falt på landsbasis.

Sauda har hatt høy boligbyggingstakt i noen år som i 2009 og 2015, men lavere enn landsgjennomsnittet i de andre årene. Det har vært sterkt variasjon fra år til år. I 2022 ble det bygget bare 1,1 nye boliger per 1000 innbyggere i Sauda, mens landsgjennomsnittet var 5,2.

I absolutte tall ble ble bygget fem boliger i kommunen dette året. Dette året var de en avgang på tre boliger.




Figur 3.3.3 Antall fullførte boliger per 1000 innbyggere i Sauda og Norge.

## 3.3.4 Boligbyggingstakt i Sauda og sammenlikningssteder

I figuren kan vi se boligbyggingstakten i Sauda og sammenlingssteder for perioden 2013-2022.

Det har blitt bygget 3,2 boliger per 1000 innbyggere i gjennomsnitt de siste ti årene i Sauda. Det er en lavere boligbyggingstakt enn middels av kommunene, som vi ser av at Sauda er rangert som nummer 232 av 356 kommuner i landet.

I 2022 hadde Sauda ganske lav boligbyggingstakt, men vi kan se at det var enda lavere boligbyggingstakt i kommuner som Høyanger, Ullensvang og Sunndal.




Figur 3.3.4 Antall fullførte boliger per 1000 innbyggere i Sauda og sammenlikningssteder. Rangering i er vist i parentesen.

I kommunestyremøte den 19.10.2022 vart det lagt fram ei orienteringssak om bustadattraktivitet og bustadsituasjon i Sauda (ksak 60/2022). Saka gir eit bilete av situasjonen i Sauda.
Samandrag frå saka:

*Tilrettelegging for eit godt og variert bustadtilbod kan vera eit viktig tiltak i arbeid med å auka bustadattraktivitet. Det anbefalast å leggja til rette for meir variasjon i bustadtypar og eigarforhold med fleire mindre bustader til både eige og leige. Nye bustadkonsept med kombinasjon av bueiningar, tenestetilbod og fellesfunksjonar kan bidra til eit meir berekraftig bustadtilbod og meir effektive kommunale tenester. Utarbeiding av langsiktig og heilskapleg bustadpolitikk kan vera eit godt og viktig tiltak for å sikra eit bustadtilbod som treff breitt nok og som gjer oss i stand til å møta framtidige behov på ein god måte.*

Lenke til sak: *https://innsyn.onacos.no/sauda/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2020050002&*

# Klima og miljø




*Figur 1: Direkte utslepp frå Sauda kommunes geografiske område i $CO_2$-ekvivalentar ($CO_2$, metan ($CH_4$) og lystgass ($N_2O$) er inkludert). Kjelde: Miljødirektoratet, 2023.*




*Figur 2: Direkte utslepp frå Sauda kommunes geografiske område, utan sektoren industri for å visa fordeling på resterande sektorar, i $CO_2$-ekvivalentar ($CO_2$, metan ($CH_4$) og lystgass ($N_2O$) er inkludert). Kjelde: Miljødirektoratet, 2023*

Klimagassutslepp i Sauda (direkte utslepp innanfor kommunegrensene) var i 2022 på nesten 322.000 tonn CO2e og har halde seg på omtrent same nivå dei siste ti åra. Utslepp frå industrien dominerer utsleppsregnskapet med nesten 96% av utsleppa. Ser me vekk frå industri står jordbruk for 32% av utsleppa, vegtrafikk for 21% og anna mobil forbrenning for 18% av utsleppa. Det var ein total reduksjon på 11% frå 2021 til 2022, og som Figur 1 og 2 viser er dette ein nedgang i utslepp frå industrien.

# Klimagassopptak

- Naturen i Sauda, med bl.a. mykje skog, tek opp klimagassar, samtidig som arealbruksendringar kan gi utslepp. Ifølge berekningar frå Miljødirektoratet er netto opptak frå skog og anna arealbruk om lag 33.600 tonn $CO_2$e i 2015, medan det vart fanga opp 35.500 tonn i 2010, så her er det ein negativ utvikling (Miljødirektoratet, 2023). *(Her er det venta nye tal for 2020 ganske snart-men kanskje ikkje før denne skal inn..)*

- I klimasamanheng er karbonrike areal som skog, myr, torvmark og jordbruksareal med organisk jord spesielt viktig med stort potensiale for å binde karbon, og med store utslepp ved nedbygging. Ifølge ei kartlegging nyleg gjort av NIBIO for Rogaland Fylkeskommune hadde Sauda 3. størst reduksjon av karbonrikt areal mellom 2010 og 2015 (eit utslepp på 20.197 tonn $CO_2$e), og Sauda har etter Suldal den nest høgaste delen av karbonrik jord avsett til utbygging av alle Rogalandskommunane. Dersom alle areala blir bygd ut kan det medføre eit utslepp på 313.678 tonn $CO_2$e over 20 år (NIBIO, 2023).




Figur vise karbonrike areal kartlagt av NIBIO (temakart-rogaland.no

Sauda kommune

# Kartlegging av karbonrike areal

NIBIO har på vegne av Rogaland fylkeskommune gjennomført ei kartlegging av karbonrike areal i fylket. NIBIO_RAPPORT_2023_9_121.pdf (unit.no)

Enkelte av oppsummeringspunktene kor Ryfylke og Sauda er nemnt er markert i raudt:

## 2.3 Oppsummering - Karbonrike arealer i Rogaland

Vern av natur, jordbruksareal og reduserte klimagassutslipp er noen av formålene med Plan- og bygningsloven. Som regel er det en klar sammenheng mellom disse elementene, men man bør være oppmerksom på en mulig målkonflikt mellom vern av jordbruksareal og reduserte klimagassutslipp i områder der det drives jordbruk på organisk jord. I dette kapitlet har vi vist at:

1. Rogaland har i 2020 totalt 2 734 km² karbonrikt areal. Av dette er 170 km² myr, 50 km² torvmark, 1 407 km² skog og 105 km² jordbruksareal på organisk jord. Samlet utgjør det karbonrike rundt 32 %av landarealet i Rogaland.
2. Det er nesten dobbelt så mye karbonrikt areal i Ryfylke som i de øvrige regionene i Rogaland. På samme tid er andelen karbonrikt areal av totalt areal mer likt fordelt mellom regionene. Jæren har minst karbonrikt areal med 20%. Haugalandet har litt over 40%.
3. Hele 88% av det karbonrike arealet er skog. Bare 6 % er myr og 4 % er jordbruksareal med organisk jord. Om lag 2 % er skog på organisk jord (torvmark). På Haugalandet utgjør jordbruk med organisk jord hele 22 % av det karbonrike arealet. I Ryfylke utgjør skog 94 %.
4. De karbonrike arealene i Rogaland er beregnet til å ta opp 294 000 tonn $CO_2$-ekvivalenter årlig. De desidert største opptakene skjer i Ryfylke (210 000 tonn $CO_2e$). Det er et betydelig utslipp på Jæren (100 000 tonn $CO_2e$). Dette er en følge av at det er lite skog og relativt mye jordbruk på organisk jord i denne regionen.
5. I 2010 var det 2 748 km² karbonrikt areal i Rogaland, i 2015 var dette arealet redusert til 2 745 km² og i 2020 var det 2 732 km². Dette utgjør en samlet nedgang i karbonrikt areal på 16 km² i tiårsperioden 2010 til 2020. Det har vært en betydelig nedgang i Ryfylke (10 km²). På Jæren har det vært en mindre oppgang rundt 0,5 km².
6. Den samlede utslippseffekten fra endringene i karbonrikt areal fra 2010 til 2020 er beregnet til 375 000 tonn $CO_2$-ekvivalenter.
7. I Rogaland som helhet er det avsatt 361 km² til klart definerte formål som nedbygging. Av dette er 69 km² karbonrike arealer. I Bokn og Sola kommune er rundt 10 % av kommunens samlede karbonrike areal avsatt til nedbygging. I kommuner med veldig mye karbonrikt areal er under 2 % av dette arealet satt av til nedbygging.
8. I absolutte tall er det et satt av veldig mye mer karbonrikt areal for nedbygging i Suldal og Sauda kommune (rundt 17 km²) enn i andre kommuner. I Sandnes, Stavanger og Haugesund er det til sammen satt av rundt 12 km². Det aller meste av det karbonrike arealet som er satt av til nedbygging er skog. På Jæren er vesentlig andel av jordbruksareal med organisk jord satt av til nedbygging.
9. Skulle alle de kommunale planene om nedbygging realiseres, vil utslippseffekten samlet være på 2,7 millioner tonn $CO_2e$. Utslippene i Ryfylke ville være 6 ganger så høye som på Jæren og nesten dobbelt så høye som på Haugalandet og i Dalane.
10. De årlige klimagassutslippene fra ikke-kvotepliktig sektor i Rogaland utgjør om lag 4,2 millioner tonn $CO_2$ årlig. Av dette utgjør utslippene fra veitrafikk om lag 420 000 tonn årlig.

# Forventa klimaendringar for Rogaland

Årstemperaturen er berekna å auke med ca. 3,5°C. Aukinga er størst for haust, vinter og vår (ca 4°C). Vekstsesongen er venta å auke med 1-3 månader, mest i ytre kyststrok.

Årsnedbøren er berekna å auke med ca. 10 % med størst auke om vinteren (20%). Hendingar med kraftig nedbør aukar vesentleg i både intensitet og førekomst, noko som vil stille større krav til handtering av overvatn, og auke faren for flaum i bekkar og vassdrag. Nedbørsmengda for døgn med kraftig nedbør er forventa å auke med ca 20%, og endå meir for kortare varigheit enn eit døgn. Mindre bekkar og elver kan finne nye flaumvegar.

Skredfaren er sterkt knytt lokale terrengtilhøve. I bratt terreng vil klimautviklinga kunne gje auka førekomst av jordskred, flaumskred og sørpeskred som er knytt til kraftig regn/flaum, snøfall og smelting, og det er grunn til auka aktsemd mot desse skredtypane.

Stormflo: Som følgje av havstigning vil stormflo-nivået auke, som kan føra til skader på bygningar og infrastruktur på grunn av overfløyming i områder kor ein i dag ikkje har registrert skader. Det tilrådde klimapåslag på stormflo-nivå er 62-81 cm.
Informasjonen er henta frå Klimaprofil Rogaland frå Norsk Klimaservicesenter.



# Klimarisiko for viktige næringar i Sauda

Kommunen er avhengig av at næringslivet i minst mogeleg grad vert råka av klimaendringane (fysisk klimarisiko) og samstundes klarer seg godt i overgangen til eit samfunn med lågt utslepp (overgangsrisiko).

Her er nokre dømer på korleis næringane i Sauda kan bli berørt av klimarisiko:

**Industri:**
Regulering av utslepp, karbonprising, strengare krav frå myndigheter og kunder, ekstremver. Klimarisiko i andre land.

**Jordbruk:**
Ekstremvêr, endring i vêrmønster og klimaendringar i andre land. Vidare kan næringa oppleve risiko knytt til strengare regulering/ høgare prising på klimagassutslepp og endra konsumpreferansar.

**Vasskraftprodusentar**

Meir uføreseieleg nedbør og fleire ekstremhendingar kan vera ei utfordring for kraftprodusentar. Endring i snøforhold.

**Reiseliv**
Klimaendringar kan trua reiseliv, og spesielt vinterturismen, gjennom kortare vintersesong, færre skidagar og mindre snø.

**Bygg- og anleggsbransje:**

Ekstremvêr, endra krav til maskinpark og liknande. Kravspesifikasjonar frå kunde.

**Varehandel**: Overgang til sirkulærøkonomi

# Arealrekneskap for Sauda (2023)

Rogaland fylkeskommune arbeidar med arealrekneskap for kommunane i fylket. Det er eit interaktivt «dashboard»: Arealformålsregnskap Sauda (arcgis.com) Utsnitt frå sida:




Dette dashbordet skal gje ei statusoversikt og indikatorar for alle tema som inngår: plan, arealbruk, arealtypar og klima.

Her får du analyseinformasjon om:

- Omfanget av arealformål og faktisk planreserve
- Arealtype-konsekvens av planlagt arealbruk
- Klimaeffekt av planlagt arealbruk

# Langsiktig arealbruk

# Sauda sin overordna arealstrategi

Arealstrategien ligg i samfunnsdelen og er lagt til grunn for utarbeiding av arealdelen.

## Ein livskraftig og naturnær småby

– overordna arealstrategi

**Utviklingsretning og forholdet til arealbruk.**
Satsingsområda i kommuneplanens samfunnsdel gir føringar som skal følgast opp i arealplanlegginga. Arealstrategien gir overordna føringar for kommunens fysiske utvikling i eit langsiktig perspektiv. Arealstrategien er grunnlaget for revisjon av kommuneplanens arealdel og gir føringar for plan- og byggesaksbehandlinga.

| Dette vil me | Me skal |
|---|---|
| **Sauda er ein attraktiv og tilgjengeleg kommune for folk og næringsliv.** | Forvalta våre areal etter berekraftige prinsipp, der krav til lokalisering, kvalitet og funksjon skal styrka og styra veksten i byggeområda. |
| | Utvikla lokalt næringsliv på ein måte som bidrar til å styrka lokal økonomi, og skapar ei sunn økonomisk utvikling på lang sikt. |
| | Aktivt legga til rette for utvikling av ny infrastruktur, internt i kommunen og regionalt. Det prioriterte prosjektet er ny veg mot E 134 i Etne. Me skal arbeida for å sikra ressursar til finansiering av ny infrastruktur, bygga alliansar regionalt og nasjonalt, og driva samordna påverknad av beslutningstakarar. |
| | Styrka og utvikla Sauda til ein meir kompakt småby med eit attraktivt og levande sentrum, der fleire brukar, lever og jobbar i sentrum. |
| | Sikra og utvikla gode areal til offentleg tenesteyting i sentrum og sentrumsnære områder. Me skal styra mot ei ønska arealutvikling der kommunen kan påverka og samtidig legga til rette for samarbeid mellom offentlege og private. |
| | Gode vegar til dalføra, kapasitet på parkering sommar og vinter nær utfartsområda, og fokus på brøyting og vedlikehald vil auka bruken av sentrum. |
| | Arbeida for å styrka kollektivtilbodet inn og ut av kommunen. Hurtigbåttilbodet mot Stavanger og buss mot Haugesund er dei einaste kollektivvegane inn og ut av kommunen. Me skal arbeida i lag med Rogaland Fylkeskommune og Kolumbus for å styrka desse. |

| Dette vil me | Me skal |
|---|---|
| **Sauda er ein mangfaldig og interessant stad for innbyggarar, besøkande og næringsliv** | Me skal styrka dei gode kvalitetane me har, med korte avstandar, nærleik til fjorden og fjellet og nærleik til viktige målpunkt i kvardagen. |
| | Miljøkvalitet skal vera eit av våre fortrinn og eit viktig satsingsområde. Me vil skapa eit levande sentrum gjennom å utvikla byrom som betrar tilhøva for barn og unge og skapar tydelegare kopling mellom sentrum, fjorden og elva. |
| | Det skal vera lett og trygt å gå og sykle. Me skal prioritera tilrettelegging for fotgjengarar og sykkel. |
| | Legga til rette for varierte sentrumsnære bustadar. Me skal driva ein heilskapleg bustadpolitikk med tilstrekkeleg og variert bustadbygging som tåler befolkningsendringar i heile kommunen. |
| | Kartlegga bustadpotensialet i eksisterande byggeområder. Prinsippa for lokalisering av arbeidsplassar og bustader skal leggast til grunn. |
| | Legga til rette for et mangfaldig samfunn og sikra god alderssamansetjing i bustadsområda. |
| | Vidareutvikla Nasjonal Turistveg som reiselivsprodukt og bruka denne som samarbeidsplattform i reiselivsutvikling. |

| Dette vil me | Me skal |
|---|---|
| **Vidareutvikla Sauda som bustads- og reisemål** | Legga vekt på å ivareta og utvikla busetnad og historiske miljø på ein slik måte at naturverdiar og kulturarv og kjem til sin rett. |
| | Legga til rette for utvikling av frilufts- og opplevingskommunen Sauda. Ivareta kommunens inngrepsfrie naturområder, og forvalta viktige natur og opplevingskvalitetar. |
| | Ivareta, foredla og bygga attraktive offentlige rom og kulturmiljø. |
| | Fritidsbustader skal byggast på ein måte som varetar viktige frilufts-, kultur- og naturverdiar og tilgjengelegheit til desse områda. |
| | Sikra strandsona for allmenn bruk og etablera ein samanhengande gang-sykkelveg langs kysten (kyststi) og elvelangs. |
| | Sikra og utvikla og blå og grøne område, naturområde, og landskapskvalitetar i sentrum og i tilknyting til byggjeområda. |

| Dette vil me | Me skal |
|---|---|
| **Byggeområda får gode føreseielege vilkår for vidare utvikling** | Lokalisering av næringsareal skal skje etter ABC-prinsippet<br>A. Utbygging av detaljhandel og mindre arealkrevjande næringar skal ligga i sentrum, med besøks-, teneste- og handelstilbod på gateplan og hovudsakeleg bustader over.<br>B. Handel som er mindre besøksintensiv, og meir areal- og transportkrevjande skal liggja i område utanfor sentrumskjernen, som td. Treaskjæret.<br>C. Næringar som er areal- og transportkrevjande skal i hovudsak lokaliserast på Birkeland. Næringsverksemd i denne kategorien, som er avhengig av tilknyting til hamn, skal i hovudsak leggast til Saudasjøen og i Sønnåhamn. |
| | **Sentrum** skal ha ein stor grad av funksjonsblanding med lokalisering av besøksintensive verksemder (handel- og tenesteyting og offentlege tenester), varierte bustader, mangfaldige, aktivitetar og grøne områder. |
| | **Saudasjøen** utviklast til eit attraktivt og identitetsberande senter med turistføremål og næringsområde tilknytt kommunal kai. Bustadområda skal ha varierte og tilgjengelege natur- og friområde. |
| | **Hellandsbygd** Eksisterande næringsareal utviklast, og det leggast til rette for fleire bustader. |
| | **Birkeland** Vidareutviklast som nærings- og landbruksområde. Området dimensjonerast for å dekka langsiktige behov for nærings- og landbruksareal. |
| | **Treaskjæret** skal tilretteleggast for arealkrevjande handel. |
| | Vedta ein hyttestrategi før neste rullering av kommuneplan. |
| | Oppdatera SEFRAK-registeret |
| | Bygga inntil 1000 nye fritidsbustader på eksisterande og nye byggeområde, med grunnlag i kvalitet, lokal verdiskaping og berekraftig material- og ressursbruk. Det skal utviklast berekraftige og varierte områder for mangfaldige fritidsbebuarar med utgangspunkt i 3 prinsipp:<br>**Landsby;** Gjeld vidare utvikling av Svandalen.<br>**Klynger;** Gjeld vidare utvikling av etablerte byggeområder i dalføra.<br>**Tun;** Gjeld høgareliggande område, eldre støls-og hytteområde og strandsonen. |
| | **Svandalen** Fritidsbusetnad med større areal og høg utnyting (landsbypreg). Næring tilknytt skisenteret etablerast rundt alpinanlegget. Legga til rette for vidareutvikling av skisenteret og etablera turløyper som knyt saman Svandal og Lyngmyr til eit samanhengande løypenett. |
| | Sikra tilstrekkelege areal slik at eksisterande industri-, landbruks- og næringsverksemder kan drivast og vidareutviklast. |
| | Unngå nedbygging av dyrka og dyrkbar mark. |

# Risiko og sårbarhet

## Flomfare




## Skredfare



# Kommuneøkonomi og tenesteyting

I KS sitt debatthefte for 2024 peike dei på åtte sentrale utfordringar kommunesektoren står i, og som blir mest sentrale å finne gode løysingar på i framtida.

Her er de åtte mest sentrale utfordringene KS peker på:

1. Flere eldre gir økte helse- og omsorgsbehov
2. Trangere økonomi krever tøffere prioriteringer
3. Flere utenfor samfunns- og arbeidsliv
4. Klima-, natur- og miljøutfordringene tiltar
5. Digitalisering i ulik fart og med ulik kraft
6. Større risiko for uønskede hendelser
7. Demokratiet utfordres fra flere hold
8. Vedvarende mangel på personell og kompetanse

# Kommunens økonomi

## Finansielle nøkkeltall

**Kommunens driftsutgifter per innbygger**
2022
**135 414** kroner

**Kommunens driftsinntekter per innbygger**
2022
**139 245** kroner

Kilde
Kommuneregnskap, Statistisk sentralbyrå

**Driftsresultat**
2022
**1,3** prosent

Kilde
Kommuneregnskap, Statistisk sentralbyrå

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blir brukt som et mål på kommunenes økonomiske handlingsfrihet, og er en viktig indikator på om det er økonomisk balanse i kommunen. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi anbefaler at nivået på driftsresultatet utgjør 1,75 % av brutto driftsinntekt over tid.

Kjelde: SSB

## Utgifter etter utvalgte områder

Vis som figur Vis som tabell

| Tjenesteområde | 2022 |
|---|---|
| Sosialsektoren samlet | 3,2 |
| Barnevern | 3,8 |
| Vann, avløp, renovasjon, avfall (VAR) | 5,8 |
| Administrasjon, kommune | 5,2 |
| Kultursektoren, kommune | 5,7 |
| Barnehage | 7,5 |
| Grunnskole | 15,6 |
| Helse- og omsorg | 36,9 |

Kilde: Kommuneregnskap, Statistisk sentralbyrå

# NHOs kommune-NM

## Kommuneøkonomi

En god og bærekraftig økonomistyring i kommunene er viktig for nasjonaløkonomien og sentralt for å kunne gi gode tjenestetilbud til befolkningen og næringslivet. Befolkningsvekst påvirker kommuneøkonomien med høyere skatteinntekter og flere til å dele på de faste utgifter og vekst i tildelingen av midler. Budsjettene tilpasses antall innbyggere og innbyggernes demografi.

Administrasjonsutgifter måler belastningen av netto driftsutgifter til administrasjon per innbygger, og lave utgifter indikerer effektiv drift. Driftsresultat, målt i forhold til driftsutgifter, og høy kommunal betalingsevne, målt som arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter, indikerer god økonomistyring. Aldring, som måler andelen av befolkingen over 80 år 20 år fram i tid, indikerer den framtidige belastningen av eldrebølgen.

**Administrasjonsutgifter** - Netto driftsutgifter til administrasjon per innbygger, indeksjustert til 2019-kroner.
**Netto driftsresultat** - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter
**Kommunal betalingsevne** - Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter
**Aldring** - Befolkning over 80 år i prosent av befolkningen i yrkesaktiv alder 20 år frem i tid

sauda

| Kommune | ▲ Kommuneøkonomi rangering | Kommuneøkonomi rangering i fjor | Administrasjonsutgifter | Netto driftsresultat | Kommunal betalingsevne | Aldring |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sauda | 19 | 20 | 5 463 | 1,3% | 32,2% | 20,8% |

Kilde: NHO Kommune-NM for 2023. • Last ned data • Last ned bilde

# Utsnitt frå økonomiplan: Oppvekst

Kjelde: https://innsyn.onacos.no/sauda/wfdocument.ashx?journalpostid=2020094876&dokid=465391&versjon=1&variant=A&

## 4.1 Beskrivelse av tjenestene

Oppvekst består av tre kommunale barnehagar, tre barneskular og ein ungdomsskule, i tillegg til introduksjonsteneste og vaksenopplæring. Alle barneskulane har eit SFO-tilbod. I tillegg har vi eit rettleiings- og barnehagemyndeansvar for den private barnehagen Brakamoen barnehage. PPT (pedagogisk psykologisk teneste) høyrer også med til oppvekst. Denne tenesta er organisert som eit interkommunalt samarbeid, der Suldal kommune er vertskommune. Totalt er det ca 900 barn, unge og vaksne som er brukarar av oppvekst sine tenester.

## 4.2 Utfordringer for 2024

Danning og utdanning av unge menneske er eit likeverdig oppdrag for tilsetje i barnehagar og skular. I tillegg bidreg barnehagar og skular til sosial utjamning. God kvalitet i desse tenestetilboda kan dermed gjere ein skilnad i mange menneske sine liv. Krava til kvalitet i barnehage og skule er gitt gjennom dei nasjonale sektormåla. Heilt avgjerande faktorar for å utvikle kvalitet er at me har berekraft i form av kompetanse og kapasitet til å løyse utdanningsoppdraget. Nokre av utfordringane vi har på desse områda er:

**Demografisk utvikling:**
SSB sine prognosar viser at i perioden fram mot 2030, vil aldersgruppa 0-15 år bli redusert med 135 personar (Økonomiplan Sauda 2023-2026.) Fødselstalet for 2023 blir, i følgje jordmor, 28-32 barn. Fødselstalet dei fem siste åra er i snitt 39 barn. Desse låge tala kan gi ei utfordring med rekruttering av nok barn til alle barnehagane og barneskulane, med dei konsekvensar det kan ha for fagmiljø og kapasitet til å møta alle barn/unge sine ulike behov og rettar.

Sauda har fysisk plass til ca 60 fleire barn i dei fire barnehagane, enn det i snitt har vore behov for dei siste åra. Det er noko ulike krav til areal for barn under/over 3 år, så tal plassar vil variere med alderen på barna. I barneskulane er elevtalet ujamt fordelt mellom skulekretsane, noko som på skular med få elevar kan gi meir sårbare sosiale og faglege klassemiljø.

**Barn med barnehageplass**
2022
93,9 %

Kilde
Kildetabell i Statistikkbanken

**Elever i SFO/AKS**
2022
48,6 %

Kilde
Elevar i grunnskolen, Statistisk sentralbyrå

**Elever som får særskilt norskopplæring**
2022
4,2 %

Kilde
Elevar i grunnskolen, Statistisk sentralbyrå

**Elever som får skoleskyss**
2022
12,6 %

Kilde
Elevar i grunnskolen, Statistisk sentralbyrå

# Utsnitt frå økonomiplan: Helse og velferd

## 5.1 Beskrivelse av tenestene

Helse og velferd består av åtte einingar og yt tenester innan pleie og omsorg, helse, barnevern og sosial- området. I tillegg kjem stabsfunksjonar knytt til Tildelingskontor, arbeidsplan, velferdsteknologi og kommunen si Koordinerande eining. Tilbodet gjeld alle aldersgrupper; barn, unge, vaksne og eldre, både dei som bur i Sauda og dei som oppheld seg her.

Nokre fakta: Årsverk: 212. Tilsette: 255. Kvinner: 235. Menn: 21. Turnover: 8,2%. Heiltidsandel: 51%. Gjennomsnittleg stillingsstørrelse: 82,8%. 64 tilsette er > 55 år = 25%. (Kjelde: BI, 10.10.23.)

Sauda kommune er vertskommune for Indre Ryfylke barnevern, eit interkommunal samarbeid med Suldal kommune. Sosialtenesta inngår i partnarskapet som Sauda kommune har med NAV, og sorterer under Helse og velferd v/NAV Sauda.

## 5.2 Utfordringar for 2024

**<u>Den demografiske utviklinga:</u>**

Det blir svært utfordrande å levere tenester etter dagens kvalitet og omfang. Det er fleire unge enn eldre som mottar pleie og omsorgstenester i Sauda. I dag utgjer aldersgruppa over 80 år snaut 43% av brukarmassen til heimebaserte tenester. Heile 57% er under 80 år, fordelt med 38% frå 0-66 år, og 19% frå 66-79 år. Yngre tenestemottakarar mottar tenester over lenger tid, og vekst i aldersgruppa over 80 år kjem derfor på toppen av den allereie store gruppa under 66 år. Presset og veksten i tenestene vil derfor auke i åra som kjem.

## Vatn og avløp

Stor del av innbyggarane i Sauda er knytt til kommunale vassverk. God tilgang til reint vatn er ein viktig del av kommunen sin beredskap og tilfredsstillande VA-anlegg er ein føresetnad for all utbygging.

## Kommunale vegar

Eksisterande kommunale vegar krev vedlikehald og oppgradering. Der nye kommunale vegar kjem til som følgje av utbygging, vil det medføre nye kostnadar, særleg vinterdrift.

| | Lengde kommunalvei (km) | Lengde tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for (km) | Lengden av det kommunale veinettet uten fast dekke (km) |
|---|---|---|---|
| | 2022 | 2022 | 2022 |
| 1135 Sauda | 62 | 6 | 10 |

## Sykling i Sauda

I nasjonal transportplan er det mål om at sykkeltrafikken i Norge skal utgjera 8 prosent av alle reiser. Informasjon er henta frå sykkelstrategi og Syklistenes landsforening sin spørreundersøkelse i 2022.

**SAMMENSTILLING KATEGORIER OG TOTALKARAKTER**

| | Sauda | | Små kommuner | | Nasjonalt | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Generell tilfredshet | 3,71 | Karakter: B | 3,14 | Karakter: C | 3,03 | Karakter: C |
| Trygghet | 3,23 | Karakter: C | 2,72 | Karakter: D | 2,62 | Karakter: D |
| Sikkerhet | 2,85 | Karakter: D | 2,66 | Karakter: D | 2,54 | Karakter: D |
| Fremkommelighet | 2,72 | Karakter: D | 2,48 | Karakter: D | 2,50 | Karakter: D |
| Tilgjengelighet | 2,72 | Karakter: D | 2,63 | Karakter: D | 2,43 | Karakter: D |
| Sykkelens prioritering i kommunen | 3,19 | Karakter: C | 2,68 | Karakter: D | 2,47 | Karakter: D |
| Totalpoeng | 3,07 | Karakter: C | 2,72 | Karakter: D | 2,60 | Karakter: D |









## Døme på pågåande infrastrukturprosjekt i Sauda, der kommunen er involvert:

- Prosjektet tunnel Sauda - Etne
- Reguleringsplanarbeid vann og avløp, og gang- og sykkelveg mellom Treaskjæret og Nesøyra
- Fylkesveg og gang- og sykkelveg ved båthamna
- Fortau Solbrekk - Bekkebakken
- Vatn- og avløpsprosjekt Solbrekk

## Kjelder

Det finst eit utal statistikkar som ein kan hente fram, og statistikkane i dette dokumentet er berre eit utval.
Ein har i tillegg supplert med noko lokal informasjon som ikkje er framstilt som statistikk.

- Rogaland fylkeskommune: Arealrekneskap og NIBIO-kartlegging
- Telemarkforsking: Regionale analysar https://regionalanalyse.no/rapport/1135/2/1
- Statistisk sentralbyrå
- Miljødirektoratet https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=571&sector=-2
- Den norske stats kommunalbank: Klimarisiko https://klimarisiko.kbn.com/regioner/rogaland/sauda/
- NHOs kommune-NM https://www.nho.no/regionkontor/nho-rogaland/nokkeltall_naringsliv_rogaland/#knm
- Kommunehelsa statistikkbank: Kommunehelsa (fhi.no)
- Folkehelsebarometeret og oppvekstprofil frå FHI: Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI
- Folkehelserapporten: Folkehelserapporten - FHI
- Utvidet folkehelseprofil for Sauda kommune, henta frå Rogaland fylkeskommune
- UngData kommunerapport ungdomstrinnet: PowerPoint-presentasjon (ungdata.no)
- UngData kommunerapport vidaregåande: PowerPoint-presentasjon (ungdata.no)
- Bufdir barnefattigdom: Statistikk og analyse | Bufdir
- Bufdir barnevern: Statistikk og analyse | Bufdir
- Husbanken: Statistikk - Oversikt - Husbanken
- Lokalt NAV-kontor
- Helse Fonna